

## Stort radiotreff på Valderøya



Leiarane for dei tre radioane i FM101-samarbeidet vert intervjuva av Torstein Walderhaug.

**Det var fullt hus då Valderøykvartetten inviterte til radiotreff på Valderøy bedehus laurdag 2. april i takksemd til radioane Radio New Life, Radio Nordvest og Radio Sunnmøre som saman utgjer FM101-samarbeidet.**

Tekst: Ragnhild Kristine Vartdal Espelund  
Foto: Ragnhild Kristine Vartdal Espelund

Over 300 menneske møtte fram då Valderøykvartetten inviterte heile Sunnmøre til Valderøy bedehus laurdag 2. april. I 30 år har kvartetten sendt sin musikk på lokale nisjeradioar som Radio Sunnmøre, Radio Nordvest og Radio New Life, og ville med denne kvelden vise takksemd tilbake.

- Vi har hørt at ein av dei fyreste songane som vart spelt på Radio Sentrum (tidlegare Radio Sunnmøre) var ein song av Valderøykvartetten, seier Bjørn Tomren, bassist i kvartetten og konferansier for kvelden

i opninga. I takksemd til radioane ville kvartetten denne kvelden samle sunnmöringane for å vise radioane at dei er satt pris på og ynskja.

### NYTT SENDEOMRÅDE

Radio Sunnmøre, Radio Nordvest og Radio New Life utgjer frå gammalt av eit FM 101-samarbeid. Dette samarbeidet søkte hausten 2015 saman om ein teknisk konsesjon for det nye sendeområdet Stranda, Norddal, Liadal, Geiranger og Stordal. Kvar radio søkte sjølv innhaldskonsesjon og vidaresender programma ein sender elles på Sunnmøre.

Laurdagskvelden ynskja Valderøykvartetten at ein skulle få inn ei god gave som kunne vere med å dekke utgiftene med å kome på lufta i det nye sendeområdet.

- Ein sendar kostar like mykje som vi har fått alt sendeutstyret til heile konsesjonsområdet for, fortel Jon Hildre i teknisk komité frå scena. Radiosamarbeidet har hatt ein teknisk komité som har bestått av Jon Hildre, Bjørn Tomren og Arne Johan Helle.

Desse tre har fått plassert sendarar og utstyr der dei må stå for at radioane skal kunne nå flest og lengst mogleg.

- Eg har sjølv vore på taket på Stranda rådhus for å rigge ned ei antenn, ler Hildre.

Hildre, Tomren og Helle vart takka av radiosamarbeidet ved Håkon Nilsen med blomar for det flotte og unike arbeidet dei har gjort og framleis gjer. Og etter at det hadde vorte fortalt om arbeidet med å kome på lufta i det nye sendeområdet gav Tomren utfordringa vidare til dei frammøtte.

- Som dokke no har hørt kostar det nær kr. 50 000,- å kome på lufta i det nye konsesjonsområdet. Kva med å vere med dekke inn dette i kveld, seier Tomren frå scena.

Det kom inn over kr. 36 000,- i gave denne kvelden, noko radiosamarbeidet er svært takksame for.

### FLOTT KVELD

I tillegg til song av Valderøykvartetten, allsong, songandakt av Tor Rødseth og



Over 300 møtte fram under radiotreffet for å støtte lokalradioarbeidet.



Teknisk komite ved (f.v) Bjørn Tomren, Jon Hildre og Arne-Johan Helle vert takka av Håkon Nilsen i FM101-samarbeidet.



Valderøykvartetten



Tor Rødseth

sceneintervju av dei tre radioane sine leiarar, så vart det heile avslutta med kaffi, kaker og prat. Ein flott kveld, med stort frammøte og ei flott gave til arbeidet.

# Stemme til de uten stemme!



**Johan Halsne**  
Krinsleiar Sunnmøre  
Indremisjon

Ved å bruke stemmen din er du med å påvirke, utvikle og å endre et samfunn!

Det skjer hver dag med ordene som kommer ut av vår munn, eller når vi legger en stemmeseddelen i en valgurne. Mange vil kunne gjøre det og denne våren i forbindelse med endring i kommunegrenser.

Der er også et tema som diskuteres denne våren som gjør at jeg har stilt meg følgende spørsmål; - Hvem gir stemme til de uten stemme? Til de som ikke har stemmerett eller en røst som roper.

Jeg tenker på barnet i mors liv! Eller mer presist i forhold til dagens debatt, barna i mors liv. Det begynner å bli mange år siden vi i Norge hadde en lang og opphetet abortdebatt. Noen ganger fikk aksjonsformen mer fokus, enn sakens kjerne som var kampen for det uføde levende.

Etter at dagens gjeldende abortlov ble vedtatt med stort flertall i Stortinget, er det ytterst sjeldent å høre noen gi stemme til de uten stemme. Jo, der er organisasjoner som Menneskeverd og enkeltpersoner som skal ha takk for sin utrettelige kamp for menneskeverdet hvert år. Men i våre kristne forsamlinger og bedehus skulle vi latt ja til livet være fokus langt oftere!

Den konkrete sak som nå har satt menneskeverd på dagsordenen er det vi har lært å kjenne som mulighet for fosterreduksjon. Det vil si å kunne fjerne ett av

fostrene når en kvinne venter tvillinger.

For helsedepartementet er dette et spørsmål om det er juridisk lovlige i forhold til dagens abortlov. Lovavdelingen slår på sin side fast at dette er lovlige.

Mer etikk enn juss

Etikk handler ikke bare om hva som er mulig, men om hva som er rett!

En politiker formulerer seg slik: - Vi står for retten til selvbestemt abort, men det å velge ut og selektere ett av to foster er en annen grense. Da går du opp et trappetrinn.

I Salme 139:16 står der; - da jeg bare var et foster, så dine øyne meg.

Livet er ukrenkelig fra unnfangelse til død!

*Ved å  
bruke stemmen din  
er du med å påvirke,  
utvikle og å endre et  
samfunn!*

Både i debatten om mulighet for fosterreduksjon og i møte med dagens gjeldende abortlov må vi være blant dem som gir stemme til de som ikke har stemme!

Vi står i fare for å bli stigmatisert, latterliggjort og stemplet som konservative røster fra fortiden. Det må ikke veie så tungt at vi er blant de som vet og ikke sier ifra! På hvilken måte kan vi i praksis si ja til livet der vi bor? Til de vi kjenner, og også de vi ikke kjenner? På hvilken måte kan DU stå i front for livet der du er?

JA til livet!

## ORGAN FOR SUNNMØRE INDREMISJON

### Heimemisjoen

Redaktør: Johan Halsne  
Postboks 7836 Spjelkavik,  
6022 Ålesund  
Tlf. 70 17 86 70  
Fax. 70 17 86 69  
Bankgiro: 3000.15.31235  
E-post: sunnmore@imf.no  
Internett: www.imf.no/sunnmore  
Ung Misjon: www.ungmisjon.no

### Brudsalsheimen

Telefon: 70 27 45 53  
Bankgiro 3900.31.17255  
**Orreneset Misjonssenter**  
Telefon: 70 25 07 56  
Bankgiro: 4045.07.07211  
**Daggry barnehage**  
Telefon: 70 18 24 97  
Bankgiro: 3000.21.36682  
**Borgund Folkehøgskule**  
Telefon: 70 17 76 00  
Bankgiro: 8220.02.20788

### Møre Ungdomsskule

Telefon: 70 17 66 70  
Bankgiro: 8220.02.80287  
**Møre barne - og ungdomsskule Skodje**  
Telefon: 40 29 36 41  
Bankgiro: 3000.32.36796  
**Møre barne - og ungdomsskule Herøy**  
Telefon: 70 08 05 50  
Bankgiro: 3000.18.45655

### Begravelsesbyrået

**Sunnmøre A/S**  
Telefon: 70 17 86 60  
Vakttelefon: 90 86 38 56  
**Si-Reiser AS**  
Telefon: 70 17 90 00  
www.si-reiser.no  
**Radio Sentrum**  
Telefon: 70 15 41 00  
Bankgiro: 3900.21.10311  
www.radiosentrum.no

# Frå ein velsignna skulekvardag



I august 2015 starta den tredje Møreskulen opp skuledrift i Brusdalen i Skodje kommune. Sunnmøre Indremisjon har igjen vist at dei satsar på å nå barn og unge dagleg med evangeliet, og det kan vi som arbeider ved desse skulane enkelt stadfeste at vi gjer.

**Tekst og foto:** Ingrid Kvam Steinshamn

Førti elevar stod klare i haust, og allereie før mars 2016 var omme var talet for neste år seksti elevar. Det vert spanande å sjå om det kjem endå fleire før nytt skuleår i august.

## Det første året

Dette første året har det vore elevar spreidd frå 1.-8. trinn. Neste skuleår vert då desse naturleg nok eit år eldre, og vi får altså ein 9. klasse også ved skulen. Året etter har vi alle trinna, og møter vårt første eksamens- og avgangsår.

I år låner skulen bygg i Brusdalen, den tidlegare Brusdal skule, som vart nedlagt tidleg på 2000-talet. Det er eit flott område, og elevane har god plass til å bolstre seg både på fotballbane, i gapahuk, høgt i trea eller på leikeplassen. Dei yngste elevane

våre har ein fast utedag kvar veke, og får då oppleve endå meir av området i Brusdalen. Samstundes som vi trivast medan vi er her, så gler vi oss til å vite kor den permanente skuletomta og bygget kjem til å vere. Styret for skulen arbeider med å finne gode alternativ nærmere Digerneset og Skodje sentrum, og tek gjerne imot tips og forslag om nokon har det.

## Velsigna kvardagar

Vi som arbeider ved Mør barne- og ungdomsskule Skodje kan melde om velsigna kvardagar her på Mør. Vi får låne dyrebare menneske som om få år skal ta seg ut i arbeidsliv og stifte familiar. Dei skal prege samfunnsdebattar og byråkrati, på same måte som vi gjer i dag. Og når ein då får lov, ja – det er til og med forventa av Utdanningsdirektorat og regjering, at skulens kristne formål skal kome til uttrykk i kvardagen, og i alle fag. Når dette er kvardagsfokus og innhald – ja, då kan ein ikkje anna enn å takke.

- Takk til Sunnmøre Indremisjon for at De satsar slik som de gjer.
- Takk til foreldre som vågar å ta val som er ”annieis”, medvitne val om kva for ein skulekvardag deira born skal ha. Dei vel kva menneskesyn og livssyn som skal få prege desse timane ein er på skulen kvar veke.

Vi er takksame og stolte av å få vere med på dette. Og vi ser konkret igjennom dagane våre at der er andre som ber for oss. Det vil vi også takke dykk for. Du som ber, be gjerne om at dagens barn- og unge, uavhengig av kva skule dei går på, skal få oppleve gode og trygge vaksne rundt seg som kan peike på ein himmel full av håp.

Be om at desse små, framtidas vaksne, må få utdanning og utrustning til å vere trygge og gode vaksne når det vert deira tur til å leie og bestemme.

**Hjarteleg  
velkommen innom  
skulen om du er i  
området.  
Vi tek gjerne imot  
besøk!**

# Besøk av Betesta-koret frå Klaksvik på Færøyane

**Helga 27.-29. mai er vi så heldige å få storfint kor besøk til Sunnmøre. Det er Betesta -koret frå Klaksvik på Færøyane som kjem.**

Koret høyrer heime i ei brødremenighet og vart starta i 1926, og feirar 90-års jubileum dette året. Koret har sidan starten vore i kontinuerleg aktivitet i forsamlinga, og syng på møte kvar søndag. I tillegg besøker koret andre forsamlingar på Færøyane. Dei har og tolv gonger våre på reise til Danmark, Island, Sveits og Noreg på songoppdrag. I dag tel talet på medlemmar i koret over 80 pluss

musikarar. Dei er i alderen frå 16 til 81 år. På turen til Sunnmøre vert kring 50 songarar med.

Repertoaret spenner frå tradisjonelle salmar til meir moderne gospelsongar. Dei syng både Acapella og med orkester. Mange av dei nye songane koret syng er laga av nokon i koret, når det gjeld både tekst og melodi.

Det er ei oppleving å få med seg ein songkveld med dette koret!

På Sunnmøre kan du høre dei fylgjande plassar:  
**Konsertsal Thon Hotell Fosnavåg fredag 27.mai kl.19.30**

**Valderøy bedehus laurdag 28. og søndag 29.Mai kl. 19.30**



**Blindheim søndag 29.mai kl. 11.00.**

## Leirliv – Frivillig leiar!



**Vi har nettopp lagt bak oss ei flott leirhelg på Brusdalsheimen, der 50 barn frå 2. til 4. klasse var samla. Saman med desse flotte barna var der også ti voksne leiarar og to ungdommar som var hjelpeleiarar.**

Så kan vi spørje oss; Kvifor arrangerer vi leir? Kva får barna med seg desse dagane? Er det verdt alle dei ressursane vi brukar for å kunne gjennomføre leiren?

Dei som skulle svart på dette var sjølv sagt barna sjølve, men vi kan prøve å sjå litt på kva dei får med seg på ei slik helg.

Det aller viktigaste for oss som leirarrangørar, er at barna får bli

meir kjent med Jesus og vere del av eit fellesskap der vi kan høre bibelfortellingar, be saman og syngе kristne songar.

For mange av barna var dette første leiren dei var på, og spenninga var naturlegvis stor. Og for nokre var det godt å ha med mor eller far som leiar, eller ein annan kjent voksen. Så deler vi inn i grupper, slik at dei har ein voksen som skal følgje sine barn spesielt gjennom heile leiren, dette skaper også tryggheit.

Vi menneske er heldigvis forskjellige, men kvar våre interesser og evner, og det er flott når desse kan utnyttast best muleg også på leir. Nokre kan styre teknikken, andre er musikalske og kan ta den biten. Så treng vi dei som engasjerer seg i leiken ute, og dei som trivast med hobbyaktivitetar. Og kanskje er det omsorg og det å sjå den enkelte som er den sterke sida til andre. Saman skal vi fylle oppgåvene, alle kan bidra på sin måte.

Så er det godt å oppleve at på slutten av leiren har vi glade barn med nye

venner, leiarar som synest det har vore kjekt og foreldre som takkar for at barna deira får oppleve dette. Frivillig

For å kunne arrangere leir er vi avhengige av frivillige hjelparar. Heldigvis opplever vi ofte at foreldre melder seg sjølv, det er vi svært takknemlige for. Men eg vil også oppfordre andre, gjerne godt voksne, ja gjerne besteforeldre, til å vere med som leiarar. Det er kjekt å bidra saman med andre kjekke voksne, alle kan gjøre litt og saman blir det bra!

Vi gleder oss til å høre frå DEG som tenkjer at DU kan bidra på ein leir!



# REISERUTER

vår 2016

**JOHAN HALSNE:** 26.-27.04:

Gursken, 28.-30.04: Langevåg,  
05.05: Skodje 11, 05.05: Valderøy,  
08.05: Konfirmasjon Blindheim,  
10.05: styrmøte SIM, 11.-15.05:  
Furutangen, 19.-22.05: Valle, 22.05:  
Ellingsøy, 27.-29.05: Turnè m/kor  
frå Færøyane: 27.05: Fosnavåg,  
28.-29.05: Valderøy, 03.-05.06:  
årsmøte SIM Fosnavåg, 14.06:  
styrmøte SIM, 16.-22.06: Si-Reiser,  
26.06: Fiskåbygd, 4.-10.07: Bibelkurs  
Birkeland, 11.-17.07: Lyngdal

bibelcamp, GF 27.-31.07

**RANDI FAGERHOL LAUVÅS:** 25.04:

Lederforum, 26.04: Lepsøy, 08.05:  
Årseth, 03.-05.06: årsmøte SIM, 17.-  
20.06: jenteleir, 27.-31.07: GF  
**EIVIND LANDRO:** 27.04: LUFT,  
08.05: konfirmasjon Blindheim,  
18.05: Møre Herøy, 22.05:  
Langevåg, 24.05: Møre Ålesund,  
26.05: Møre Skodje, 03.-05.06:  
årsmøte SIM, 19.06: Langevåg, 23.-  
26.06: Gutteleir Brusdalsheimen,  
27.-31.07: GF Borg.

**HILDE GISKE LUKKEDAL:**

Fiskerstranda, Haramsøya,

Godøya, Ellingsøya og Skodje

**MARIT STOKKEN:** 19.-24.04: Søvik/

Gamlem

**ERIK FURNES:** 03.-05.06: årsmøte  
Fosnavåg**ANNE NYVOLL FURNES:** 03.-05.06:

årsmøte Fosnavåg

**KARL ARNE AUSTNES:** 22.05:

Spjelkavik

**HILDE GJENGEDAL:** 01.05:

Radiomøte Stranda, 08.05:

Sylkylven, 27.-29.05: Askøy

**GUDRUN LONGVA:** 01.05:

Radiomøte Stranda, 08.05:

Sylkylven, 27.-29.05: Askøy

**ARE BAKKE:** 01.05: Ulsteinvik, 22.05:

Godøya

**ANBJØRN WALDERHAUG:** 26.06:

Sylkylven bhf.

**PER SÆVIK:** 26.04: Follestaddalen**EIVIND VOLLE:** 22.-24.04: Solevåg

## SA NG OG MUSIKKMØTE



### BETESTAKORET FRÅ FÆRØYANE

Betestakoret er tilhørende i brødremenigheten i Betesda i Klaksvik på Færøyane.  
Koret har siden sin start vært kontinuerlig aktiv menigheten og synger på møte kvar søndag.  
I dag er der over 80 sanger i koret pluss musikere, og er i en alder fra 16 til 81 år.  
Repertoaret spenner fra tradisjonelle salmer til moderne sanger i gospel stil  
- både acapella og med orkester.

Fredag 27.mai kl. 19.30: konsertsal Thon Hotel Fosnavåg  
Lørdag 28.mai kl. 19.30: Valderøy bedehus  
Søndag 29.mai kl. 11.00: Blindheim bedehus  
Søndag 29.mai kl. 19.30: Valderøy bedehus  
Kollekt

### HJERTELIG VELKOMMEN!

Arr. lokal komite/Sunnmøre Indremisjon/New Tribe Mission

## SOMMARTREFF

3.-5. JUNI THON HOTELL FOSNAVÅG

### «KOMME DITT RIKE»

#### FREDAG

**19.00**  
**KONSERT**  
v/Sveinung Hølmebakks  
Elkana, Anne Marthe  
Lillebø. Appell ved  
Anne Nyvoll Furnes

#### SØNDAG

**11.00**  
**FAMILIESAMLING**  
**Taler:** Anne Furnes  
Song av Elkana og  
Anne Marthe Lillebø



**VELKOMEN  
TIL ÅRETS  
SOMMARTREFF!**

Arr. Sunnmøre Indremisjon



### Overnattingstilbud

### Årsmøtehelg i Fosnavåg

Data: 03.-05.06.16

Kontakt SI-REISER på tlf. 70 17 90 00 eller e-post: si-reiser@si-reiser.no

Thon Hotel Fosnavåg:

Priser:  
Overnatting i dobbeltrom inkl. frokost  
Enkelromstillegg:

kr. 545,- pr. pers./pr. natt  
kr. 300,- pr. natt

Barnepriser (gjelder ved 2 betalende voksne i samme rom):

Tillegg for ekstra seng pr. natt/inkl. frokost:  
Barn u/12 år kr. 100,- pr. barn/pr. natt  
Barn over 12 år kr. 200,- pr. barn/pr. natt  
Spebam som sover i foreldrenes seng er gratis

kr. 100,- pr. barn/pr. natt  
kr. 200,- pr. barn/pr. natt

Spesialtilbud for familier, overnatting inkl. frokost og inngang til badeland (1 dag)  
Familierom (for inntil 4 pers. dvs. 2 voksne + 2 barn) kr. 1590,- pr. rom/pr. natt  
For 2 voksne og 2 barn

kr. 1590,- pr. rom/pr. natt  
For 2 voksne + 3 barn

SI-REISER  
mer enn ferie



## SJÅ HER!

Brukt og Nyttig,

Sunnmøre Indremisjon sin gjenbruksbutikk  
på Valderøya treng en varebil.

Har du ein brukt varebil, ring

Kjell Furnes: 952 78 162